

Roald Kvingedal
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/609 - 23/6232

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon mobilmast på Stegebotsfjellet gnr. 1 bnr.4 Ytre Haugsdal

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar: Masfjorden kommune – (brukar vert Telenor Norge AS m.fl.)

Søknadstyp: Søknad om løyve til dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå planformål for etablering av basestasjon (kommunikasjonsanlegg med mast på 18 meter med tilhøyrande anleggshytte) i LNF-område på gbnr. 1/4, på Stegebotsfjellet på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal fjernast og området tilbakeførast om det i framtida kjem ny teknologi, eller at andre tilhøve som gjer at tiltaka ikkje lenger er naudsynt.

Grunngjeving:

Det er naudsynt å auka forsyningstryggleiken og bidra til allmenn straumforsyning i samsvar med områdekonsesjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell dispensasjonsløyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av kommunikasjonsanlegg/ basestasjon med lita hytte for utstyr på Stegebotsfjellet i Ytre Haugsdal. Omsøkt mast er 18 meter høg. Masfjorden kommune vil stå som byggherre for basestasjonen og vil la aktuelle mobiloperatørar får nytte plass i masta og hytta for levering av tenester. Masta er plassert i samband med tilråding frå fagkunnig hald.



Nedunder er utstyrshytta vist:




Frontfasade




Bakfasade



Nedunder er omsøkt stad vist med raud markering.



Sjølve masta har følgjande snitt:



Snitt 2-2
1 : 20

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planformål, som er avsett i kommuneplan til LNF-område. Det er søkt dispensasjon med grunngjeving i at det er naudsynt å styrka mobiltdekninga og Kommunikasjonstilhøva for ytre deler av Masfjorden kommune og deler av Fensfjordbassenget.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Statsforvaltaren i Vestland . Dei skriv mellom anna følgjande:
«Tiltaket skal plasserast i eit viktig friluftsområde. Tiltaket si plassering vil sannsynlegvis påverke folk si turoppleving i dette området. Det er då viktig at dette vert tilstrekkeleg vurdert opp mot ev. alternative plasseringar og at det eventuelt vert sett vilkår om avbøtande tiltak. Det kan også vere fornuftig med eit vilkår om fjerning og tilbakeføring av tiltaket om det i framtida kjem ny teknologi, eller at andre tilhøve gjer at tiltaka ikkje lenger er naudsynt.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»

Det er ikkje motteke noko tilbakemelding frå Vestland fylkeskommune.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3, andre ledd, då det er vurdert at tiltaket ikkje påverkar naboar sine interesser.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan. Det er gjort avtale med grunneigar for plassering og etablering av sjølve tiltaket.

Vurdering av dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon for slike tiltak som er svært viktig for både innbyggjarar, næringsliv og for beredskapen i kommunen. I vurderinga av fordeler og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket vil auka kommunikasjonstryggleiken og bidra til allmenn mobildekning i denne delen av kommunen. Ein kan heller ikkje sjå at tiltaket har vesentlege negative konsekvensar for helse, miljø, tryggleik, landskapet eller for friluftslivet. Vidare vil ein vise til at masta er plassert er råd frå fagkunnig hald, med tanke på optimalisering av signal i eit område av kommunen som har dårleg mobilsignaldekning i dag. Det er difor ikkje andre eigna stadar dette kommunikasjonsanlegget kunne vorte etablert, mellom anna fordi ein er avhengig av straumforsyning frå nærliggjande nett, og anna plassering kunne ha medført høgare antenner eller hatt vesentleg større kostnader ved seg.

Administrasjonen kan heller ikkje sjå at omsøkt tiltak vil ha negativ påverknad på biologisk mangfald, jf. naturmangfaldlova, jf. gjennomgang av databasar med arealinformasjon.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå planformålet i kommuneplan, på vilkår om at masta vert riven om den ein gang vert ståande ubrukt.

Konklusjon

Det vert gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 for omsøkt tiltak, jf. vedtak.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Binto As	Postboks 33	7231	Lundamo
John Torgeir Torsvik	Fensfjordvegen 1319	5986	Hosteland
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Telenor Infra As	Postboks 800	1331	Fornebu
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen

Mottakarar:
Roald Kvingedal

5981

MASFJORDNES